

TILDELINGSBREV 2008
KAP. 1510

FYLKESMENNENE OG
MØRE OG ROMSDAL FYLKE

INNLEIING

Tildelingsbrevet til fylkesmennene og Møre og Romsdal fylke for 2008 er utarbeidd av Fornyings- og administrasjonsdepartementet i samarbeid med Barne- og likestillingsdepartementet, Justisdepartementet/ Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, Kommunal- og regionaldepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Miljøverndepartementet/ Direktoratet for naturforvaltning/ Statens forureiningstilsyn, Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet/Sosial- og helsedirektoratet/Statens helsetilsyn, Kunnskapsdepartementet/Utdanningsdirektoratet.

Tildelingsbrevet for 2008 følgjer same struktur som tidligare år. Økonomiske rammer og administrative føringar vert presentert i kapittel 1, og dei sentrale politiske føringane vert presentert i kapittel 2. Vedlegg er ein oversikt over sentrale styringsmøte mellom embeta og fagmyndigheita. I vedlegg to gis dei administrative fullmaktene og ein oversikt over tildelinga til dei einskilde embeta. Fornyings- og administrasjonsdepartementet ønskjer å peike på at tildelingsbrevet omtaler både oppgåver som vert finansierte over kapittel 1510, og oppgåver som fagmyndigheitene tildeler særlege middel over eigne budsjett.

1. ØKONOMISKE RAMMER OG ADMINISTRATIVE FØRINGAR

1.1 Styringsdialogen

I retningslinene *Styring, samordning og organisering* av august 2003 (jf. [FM-nett](#)) vert styringsdialogen mellom departementa, direktorat/tilsyn og fylkesmennene skissert. Retningslinene er utforma i samarbeid med departementas fylkesmannsutval. *Instruks for økonomiforvaltning i fylkesmannsembetene* av 16. desember 2004 set òg rammer for styringsdialogen mellom embeta og departementa.

Dei sentrale styringsdokumenta for fylkesmannen er St.prp. nr. 1 for Fornyings- og administrasjonsdepartementet, fagproposisjonane, tildelingsbrev frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet, fullmaktsbrev frå fagmyndigheitene, og embetsoppdraget jf. <http://oppdrag.fylkesmannen.no>. Embetsoppdraget gjev den totale oversikten over oppgåvene i embeta, og må sjåast i samband med tildelingsbrevet. Embetsoppdraget for 2008 vert tilgjengeleg for embeta etter at tildelingsbrevet er sendt i januar 2008.

I samarbeid med fagdepartementa og fylkesmennene sitt arbeidsutval tek Fornyings- og administrasjonsdepartementet sikte på å gjennomføre fire fylkesmannsmøte i 2008. Vidare vil departementet gjennomføre eit møte for den administrative leiinga i embeta i 2008. Fagdepartementa og direktorata/tilsyna gjennomfører ei rekke styringsmøte for leiarar og sakshandsamarar på dei fleste sektorområda. For informasjon om møtedatoar i 2008, sjå vedlagte møtekalender.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har sett ned ei rekke utval som arbeider for departementet på det administrative feltet. Det finst utval for arkiv, IKT, kart og stadfesta informasjon, personale og økonomi. Fagutvala er sett saman av fagfolk frå ulike embete, og skal mellom anna løyse oppdrag frå departementet på sitt kompetansefelt og fremje nettverks- og kompetansebygging i embeta. Utvala fattar ikkje vedtak som har konsekvensar for styringa av embeta, men gjev råd og rapporterer til Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

1.2 Budsjett 2008

Kapittel 1510 Fylkesmannsembeta, post 01 Driftsutgifter

Budsjettfordelingsmodellen av 2005 vert ført vidare i 2008 med i hovudsak dei same kriteria som vart nytta i 2005. Hovudkriteria i budsjettfordelingsmodellen er:

- Husleige etter faktiske kostnader for bruttoareal minus felleskostnader som t.d. reinhald, oppvarming osv.
- Basis-/grunnfordeling som vil vere lik for alle, t.d. små oppgåver og oppgåver som er likt fordelt, og der det er vanskeleg å lage matematiske fordelingar.
- Delvis dekning av reiseutgifter fordelt etter tal frå historiske rekneskap.
- Fagoppgåver som vert fordelte etter objektive og aktivitetsbaserte kriteria.
- Midlar som vert fordelte direkte, t.d. prosjektmidlar gitt av Fornyings- og administrasjonsdepartementet, embetsbustad, oppfølging med kontinentalsokkelen o.a.

For 2008 er embeta gitt ein særskild løyving som kompensasjon for lønnsauken knytta til lønnsoppgeret i 2007.

Statistikkgrunnlaget knytt til fordeling av løyvinga til fagoppgåver er oppdatert hausten 2007. Embetas relative del av løyvinga til fagoppgåver er difor noko endra.

Sjå også vedlegg 1 om budsjettfordelinga mellom embeta og dei økonomiske og administrative fullmaktene.

Som øvste sjef for fylkesmannsambetet er fylkesmannen ansvarleg for at budsjettvedtaket frå Stortinget for 2008 vert følgt opp, og den tildelte budsjetttramma vert heldt. Krava om å nå resultat må ikkje medføre tvil om at løyvingssramma er overordna, jf. St.prp. nr. 48 (2004-2005) og Innst. S. nr. 187 (2004-2005). Fylkesmannen må sette i verk tiltak som sikrar at budsjetttramma ikkje vert overskriden.

Til grunn for fylkesmannsambeta sitt arbeid i 2008 ligg dei oppgåva som embeta skal løyse i høve til lover, forskrifter og særlege politiske prioriteringar. Embeta skal løyse oppgåvene innanfor tildelt budsjetttramme. Det vert lagt til grunn at tilsynsarbeidet vert varetatt på ein tilfredsstillande måte både overfor grupper som krev særleg merksemd, og på miljøområdet. Det vert stilt volumkrav når det gjeld tilsyn innan barne-, utdannings-, helse- og sosialområdet og på forureiningsområdet. Om det oppstår prioriteringsbehov innanfor ambetet, skal det leggjast til grunn at saker som vedkjem rettstryggleik, forsvarlege tenester og viktige utviklingsoppgåver, skal prioriterast.

Fylkesmannen forvaltar tilskotsordningar/tilskotsmidlar på vegne av ein rekke fagdepartement. Fullmaktsbrev om tilskotsforvaltning vert sendt embeta frå dei einssilde fagdepartementa/ direktorata. Embeta skal sjå til at forvaltninga av tilskotsordningane er i samsvar med reglane i kapittel 6 i "Bestemmelser om økonomistyring i staten". Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil understreke at embeta skal følge retningsliner for bruk av interimskonto forklart i departementet sitt brev av 22. mai 2007.

Fylkesmannen skal sjå til at ambetet kvart år utarbeider ein plan med både eittårig og fleirårig perspektiv, jf. "Instruks for økonomiforvaltning i fylkesmannsambetene" av 16. desember 2004. I planen skal embeta konkretisere korleis måla som vert sett skal realiserast, og kva

styringsparameter som skal nyttast. Langtidsplanlegginga skal sikre at mål og resultatkrav vert oppnådde på ein effektiv måte.

Ei god mål- og resultatstyring byggjer på at fylkesmannen har kontroll over risiko knytte til å oppnå sine mål og planar, og på dette grunnlag kan verksette tiltak som skal hjelpe til å redusere risikoen ved behov. Fornyings- og administrasjonsdepartementet er oppteken av at fylkesmannen gjennomfører risikovurderingar som ledd i si interne styring, jf. § 4 i Reglement for økonomistyring i staten. Embeta bes merke seg at arbeidet med strategiplanar og større utviklingstiltak skal byggje på risikovurderingar som kan dokumenterast. Vesentlige endringar i risikobiletet skal meldast frå til ansvarleg oppdragsgjevar med kopi til FAD.

Finansiering utanom kapittel 1510

Når det gjeld dekning og utrekning av administrative kostnader knytte til oppgåver som ikkje er finansierte over kap.1510, viser vi til retningsliner for dette i brev frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 29. mai 2006.

1.3 Rapportering

Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil, saman med fagmyndigheitene og embeta, arbeide vidare for å finne gode elektroniske løysingar for rapportering ved ei utvikling av ePhorte-rapporteringa og ved utvikling av ei webloggløysing for tekstrapportering i høve til årsrapporten.

Arbeidet med systematisk samanlikning vert vidareført i 2008. Embeta skal rapportere på same måte som for 2007.

Det er inngått avtale med Senter for statleg økonomistyring (SSØ) om at det frå 2008 vil vere mogeleg for fagdepartementa å hente ut månadlege rekneskapstal om forbruk i embeta direkte frå FM-nett.

Embeta skal følgje mal for årsrapport slik den framkommer i brev frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet 23. januar 2006. Årsrapporten vert sendt FAD. Frist for å ferdigstille årsrapporten for 2007 er 28. februar 2008. Frist for å ferdigstille årsrapporten for 2008 er 27. februar 2009.

1.4 Sakshandsamingstid og rettstryggleik

Vedtaka i embeta skal halde høg fagleg standard og det bør arbeidast for ein auka grad av lik praktisering av like saker landet sett under eitt, dersom ikkje geografiske og andre konkrete tilhøve tilseier noko anna. For å nå dette målet bør fylkesmannen utvikle og delta i nettverk saman med andre embete og aktørar for utveksling av erfaring, og på brei front stimulere til god førsteinstanshandsaming i kommunane.

Rask handsaming av klagesaker er viktig for rettstryggleiken. Fylkesmennene skal difor i 2008 halde fram med arbeidet for ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på under tre månader for klagesaker etter sosialtenestelova og plan- og bygningslova.

1.5 Elektronisk forvaltning

Ei overordna målsetjing er å gjere brukarane sitt møte med det offentlege enklare og frigjere ressursar både hos brukarane og hos det offentlege. Kvar einskild verksemd må i arbeidet sitt med tenesteutvikling vurdere korleis IKT kan nyttast i dette arbeidet. Aktuelle e-tenestar skal gjerast tilgjengelege gjennom portalane MiSide (for innbyggjarane) og Altinn (for næringslivet).

Statlege verksemder skal leggje vekt på universell utforming gjennom å følgje kvalitetskriteria (WAI) for tilgjengelegheit til nettbaserte tenester. Verksemda skal nytte WAI-kriteria slik dei kjem fram i Noreg.no sine kvalitetskrav til nettstader, ved nyutvikling eller omfattande vidareutvikling av sine eksterne og interne nettstader.

Oppdraga på området elektronisk forvaltning vert ytterlegare presisert i embetsoppdraget for 2008, under Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Saks- og arkivsystem

Alle embeta skal til ei kvar tid ha siste godkjende og testa versjon av ePhorte som sitt saks- og arkivsystem. Alle nye fagsystem skal vere kompatible med saks- og arkivsystemet. Det er ikkje høve til å foreta ny integrasjon mot saks- og arkivsystemet utan godkjenning frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Elektroniske tenester

Embeta står fritt i å ta initiativ til å arbeide med utvikling av elektroniske tenester. Ein føresetnad er at prosjektet har fagleg forankring i fagdepartementa. Økonomiske konsekvensar knytte til drift, vedlikehald og oppdatering må klargjerast i det einskilde prosjektet. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skal konsulterast om val av tekniske løysingar for tenesta. Forslag til utviklingsprosjekt skal leggjast fram for fagdepartementet og Fornyings- og administrasjonsdepartementet før igangsetting.

Som eit ledd i arbeidet med å sikre god rettstryggleik, rask sakshandsaming og effektiv bruk av ressursar i fylkesmannsembeta, skal embeta ta i bruk det elektroniske systemet for handsaming av søknader om fri rettshjelp i 2008. Bruk av saksystemet vil medverke til ei meir effektiv og raskare handsaming av søknader både for advokatar, klientar og for Fylkesmannen.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har utarbeidd et nytt elektronisk system for utbetaling av statleg partistønad og registrering av partilag etter kap. 2 i partilova. Systemet vil vere operativt frå januar 2008.

Kart og stadfestet informasjon

Embeta skal i større grad bruke stadfesta informasjon (kart) og geografiske informasjonssystem i arbeidet, jf. St. meld. nr. 30 (2002-2003) Norge digitalt – et felles fundament for verdiskaping. Det er ein føresetnad at fylkesmannen og fylkeskartkontora samarbeider, slik at kommunar og andre brukarar opplever ein heilskapleg regional kartpolitikk. Fylkesmannen skal vidare arbeide i høve til tiltak og prioriteringar som følgjer av GIS-strategien.

1.6 Leing og personalpolitikk

Fylkesmannen har ansvaret for at embetet til ei kvar tid er organisert og leidd på ein slik måte at arbeidsoppgåvene vert løyste best mogeleg og i samsvar med dei måla som er sett for verksemda gjennom lovgjeving, budsjettvedtak, tildelingsbrev, eller formidla gjennom andre styringskanalar. Fylkesmannen har det samla ansvaret for alle sider ved verksemda i embetet, medrekna at det systematisk vert arbeidd med å forme leiarhaldningar og forvaltningsverdiar i organisasjonen som fremjar måloppnåinga og sikrar eit framleis høgt fagleg kompetansenivå.

Inkluderande arbeidsliv og staten som arbeidsgjevar

Verksemda skal ha fokus på god leing, organisering og styring. Leiarar skal sette tydelege krav og verdsette innsats og resultat. Arbeidsforma i verksemda skal vere prega av brukarorientering, openheit, effektivitet, kvalitet og medverknad.

Verksemda skal arbeide for å utvikle og sikre ein inkluderande og stimulerande personalpolitikk. Personalpolitikken må sikre brei rekruttering, stimulere til kulturelt mangfald og bredde i kompetansen. Utvikling av dei tilsette sin kompetanse skal vere forankra i langsiktig kompetanseplanlegging. Målretta tiltak skal leggje til rette for ein personalpolitikk som verkar motiverande for dei tilsette og hindrar utstøyting av eldre arbeidstakarar.

Verksemda skal vidare omtale planlagte, og gjennomførte tiltak, samt resultatutviklinga i forhold til eigne måltall i IA-området i sine rapportar knytte til den ordinære etatsstyringsdialogen (minske sjukefråværet, behalde og rekruttere personar med nedsatt funksjonsevne og auke den reelle pensjonersalderen). Ei god oppfølging i verksemdene er særskilt viktig då departementet skal omtale utviklinga innanfor eige departementsområde i St.prp.nr 1.

Særskilte oppdrag på det personalpolitiske området vert nærmare presisert i embetsoppdraget, under Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Likestilling – aktivtets og rapporteringsplikt

Alle offentlege verksemder er pålagde å arbeide aktivt for å fremme likestilling både som arbeidsgjevar og som offentlig forvaltingsorgan, jf. likestillingslova § 1. Aktivitetsplikta inneber eit pålegg om å vurdere "kjønnsrelevansen" internt i organisasjonen og innafor dei aktuelle fag- og politikkområda med sikte på ei oppsummering av status samt oversikt over planlagde tiltak.

Det følgjer vidare av likestillingslova § 1 at verksemdene skal rapportere om "likestillingsstatusen, samt angi allereie gjennomførte, pågåande og planlagde tiltak. Denne rapporten skal inngå i verksemda sin årsrapport. Rapporten er m.a. eit underlag for den årlege rapporteringa om oppfølginga av likestillingslova si § 1 i budsjettproposisjonen.

Integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn

Regjeringa har bestemt at alle statlege verksemder i 2008 skal setje mål og utarbeide planar for å auke rekrutteringa av personar med innvandrarbakgrunn. Slike mål og planar kan t.d. inngå i verksemds- og/eller personalplanar. Det skal rapporterast på måloppnåing i årsrapporten. Dette inngår som eitt av tiltaka i handlingsplanen for integrering og inkludering som regjeringa la fram i statsbudsjettet for 2007. I årsrapporten for 2008 skal det på denne bakgrunnen rapporterast på:

- Tal (og prosentdel) på tilsette (faste og mellombels stillingar) med innvandrarbakgrunn i verksemda den 1.1.2008.
- Kva mål verksemda sette for rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn i 2008.
- Tal og prosentdel tilsette med innvandrarbakgrunn den 1.1.2009.

Ledige stillingar for legar hos Fylkesmannen/Helsetilsynet i fylket

Helse- og omsorgsdepartementet har i juni 2006 fastsett nye reglar om gjennomføring av spesialistutdanninga i samfunnsmedisin. Det er krav om samfunnsmedisinsk teneste mellom anna i den statlege helseforvaltninga regionalt og sentralt. Som ledd i oppfølginga av spesialistreglane kan fylkesmannen/helsetilsynet i fylket leggje til rette for at ledige legestillingar i den regionale statsforvaltninga kan nyttast i utdanning av spesialistar i samfunnsmedisin.

Forvaltningsreforma

Regjeringa har lagt fram St. meld. nr. 12 (2006-2007) Regionale fortrinn - regional framtid. Stortinget handsama meldinga 10. mai 2007 og slutta seg i all hovudsak til regjeringa sine framlegg om oppgåver til nye regionar. Kommunal- og regionaldepartementet vil fremja ein samla proposisjon til Stortinget i 2008. Proposisjonen vil innehalde konkrete lovframlegg for overføring av oppgåver og framlegg til eventuelle endringar i inndelinga for det regionale nivået.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil halde tett kontakt med fylkesmennene og tenestemannsorganisasjonane i det vidare arbeidet med reforma. Kvar einskild fylkesmann bes om å halde sine tilsette orienterte om framdrifta i reformarbeidet.

Anskaffingar

Riksrevisjonen har uttalt at det er kritikkverdig at det framleis er manglar ved etterlevinga av regelverket for offentlege innkjøp i det einskilde fylkesmannsembete, jf. Dok. nr.1 (2007-2008). Departementet har ved fleire høve, seinast i brev av 22.05.2007, teke dette direkte opp med det einskilde embetet. I lys av kritikken frå Riksrevisjonen, ber vi difor om at embeta:

- etablerer og vedlikeheld føremålstenlege rutinar og støttesystem i eigen organisasjon som sikrar at risikoen er låg for brot på regelverket, samstundes som kravet til effektiv ressursbruk vert teke vare på;
- har og vedlikeheld kompetanse på regelverket for offentlege innkjøp, samt at retningslinene og rutinane til embetet på dette området er godt kjent blant dei tilsette;
- syter for at store og/eller kritiske kjøp inngår i embeta sine fleirårige planar, samt vurderer bruk av rammeavtalar, innføring av elektroniske innkjøpsverktøy og evt. innkjøpssamarbeid med andre embete mv. Vi minner om at regjeringa har som mål på det innkjøpsfaglege området at alle offentlege verksemder skal ha målsetjingar, strategiar og planer for sine innkjøp, og som inkluderer bruk av elektroniske verktøy, på plass innan utgangen av 2007;

- syter for at gjennomføringa av prosessen ved kjøp av varer og tenester vert dokumentert på forsvarleg vis, t.d gjennom føring av protokollar, jf. Forskrift om offentlige anskaffelser § 3-2.

Departementet ber òg om at kvart embete peiker ut ein eigen innkjøpskoordinator, som har særleg ansvar for å kontrollere at nemnde krav vert teke vare på. Kven som er koordinator, meldast til FAD innan 1.4.2008.

Det vil òg frå 2008 vera ei løypande oppfølging av innkjøpsverksemda i embeta gjennom den ordinære etatsstyringsdialogen.

Grøn stat – miljøleiing i staten

Regjeringa la sommaren 2007 fram Handlingsplan 2007-2010 Miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp der det blir stilt krav til innkjøp av prioriterte produktgrupper. Statlege verksemder må følgje opp miljøpolitikken og inkludere den i det interne styringssystemet. Vidareføring av miljøleiing (Grøn stat) i statlege verksemder er ein del av handlingsplanen. Miljøleiing er eit verkty for å auke medvitet om miljøkonsekvensane av ei verksemd og setje i gang eit systematisk arbeid for å endre verksemda i ei miljøvennleg retning. Det skal gjerast ein årleg revisjon av miljøleiingsarbeidet der det vert lagt til rette for kontinuerlege forbetringar. På nettsida grøn stat.no er det samla rettleiingar, verkty og relevante eksempel i samband med innføringa av miljøleiing.

Verksemda sin årsrapport skal inneholde følgjande:

- Korleis handlingsplanen er følgd opp i verksemda
- Ein kort rapport om arbeidet med miljøleiing i verksemda

Brukarundersøkingar

Verksemda skal gjennomføre regelmessige, systematiske brukarundersøkingar. Desse skal som hovudregel verte gjord offentleg tilgjengelege. Embeta vurderer sjølv kor ofte det er formålstenleg å gjennomføre slike undersøkingar. Utforminga skal byggje på lokale vurderingar. Plan for gjennomføring og resultat vert rapportert i årsrapporten.

2. SENTRALE POLITISKE FØRINGAR

Dei sentrale politiske føringane for fylkesmennes arbeid for 2008 er knytt til generelle samordningsoppgåver, barnevern, helse- og sosialteneste, personleg tenesteyting, oppvekst, familiepolitikk, utdanning, arealdisponering, byggjesaker, landbruksbasert næringsutvikling, naturresursforvaltning, miljøvern, samfunnstryggleik og beredskap.

2.1 Generelle samordningsoppgåver. Fornyng av offentleg sektor.

Fylkesmannen er det sentrale samordningsorganet på regionalt nivå. Samordningsansvaret til fylkesmannen gjeld både tverrsektoriell samordning av statlege styringssignal retta mot kommunesektoren og samordning i forholdet mellom regional statsforvaltning og kommunane. I fylkesmannen si samordning og anna verksemd er det viktig å medverke til å styrke legitimiteten som det lokale folkestyret byggjer på, mellom anna gjennom å synleggjere kommunane sin plass i styringssystemet og fokusere på måloppnåing i kommunesektoren. Samordningsansvaret inneber òg at fylkesmannen skal medverke til at tilbakemeldingar frå kommunane og innbyggjarane om statleg politikk vert formidla vidare til sentrale myndigheiter.

Fylkesmannen har ei omfattande og viktig oppgåve med å føre tilsyn på ulike samfunnsområde som er viktige for den einskilde innbyggjar si velferd, helse og tryggleik og for miljøtilhøva i fylket. Det er eit mål at fylkesmannen skal utvikle ei tilsynsverksemd som i størst mogleg grad er samordna. Fylkesmannen har med heimel i kommunelova kapittel 10A, eit lovfesta mandat til å samordne all statleg tilsynsverksemd retta mot kommunane. Praktiske omstende rundt tilsyn og tilsyna sin bruk av reaksjonar skal samordnast, mellom anna for å leggje til rette for vurdering og diskusjon om dei pålegga som tilsyna gjev. Det er eit mål å unngå at tilsyn på ein sektor gjev utilsikta konsekvensar på andre sektorar. Det er viktig at fylkesmennene sitt arbeid med å utvikle rutinar for denne samordninga vert ført vidare.

Fylkesmannen har ansvar for å hjelpe til med kunnskap om bruk av lover og gje rettleiing om generell sakshandsaming i kommunane. På denne måten skal fylkesmannen medverke til rettstryggleik og ei open forvaltning med høg etisk standard i kommunane. Fylkesmannen har eit særleg ansvar for å formidle informasjon til kommunane om det økonomiske opplegget for kommunesektoren og skal rettleie kommunane i økonomisk planlegging og forvaltning. I fylkesmannen si formidling av statleg politikk overfor kommunane skal det kome fram om oppgåvene er lovpålagde for kommunane eller om dei er av rådgjevande eller rettleiande art. Fylkesmannen bør i dialogen med kommunane fokusere på at kommunane føretek ein gjennomgang av finansforvaltninga si og korleis dei handterer risiko. I KOSTRA-arbeidet skal fylkesmannen retta særskilt merksemd mot rapporteringa frå kommunale føretak og interkommunale selskap med sikte på å betre grunnlaget for publisering av konserntal i KOSTRA.

Fylkesmennene skal medverke til å skape ein kultur for omstilling i kommunane, slik at ressursane vert nytta effektivt og det vert fokusert på kvalitet i tenestene. Fylkesmennene sitt arbeid med omstilling og fornyng må sjåast i samband med arbeidet knytt til rettleiing, samordning, tildeling av skjønnsmidlar og likestilling. Fylkesmennene kan tilpasse tildelinga av skjønnsmidlar etter dei lokale vilkåra i fylket. KRD si hovudsatsing på fornyingsområdet i perioden 2007–2009 er Kvalitetskommuneprogrammet, der målet er å auke kvaliteten og effektiviteten på det kommunale tenestetilbodet gjennom konstruktiv samhandling mellom dei folkevalde, leiarane og dei tilsette slik at innbyggjarane merkar ei forbetring. Det er eit særskilt mål å redusere sjukefråveret i kommunesektoren. Kommunane som vert tekne opp i

programmet skal arbeide med lokale prosjekt og i nettverk. Fylkesmannen bør bruke sin kompetanse og prosjektskjønnsmidlar for å understøtte arbeidet lokalt og i fylket. Av omsyn til heilskapen i det lokale arbeidet er det viktig at det er god kontakt mellom fylkesmennene og andre aktørar i oppfølginga av Kvalitetskommuneprosjektet og dei bilaterale samarbeidsavtalane.

Som eit ledd i fornyingsarbeidet i kommunal sektor med eit auka fokus på kommunane si rolle som samfunnsutviklarar, skal arbeidet med styrking av lokalt miljøvern vidareførast. Fylkesmannen skal medverke i arbeidet med fagleg støtte og deltaking i nettverkssamarbeid, rettleiing og kompetanseutvikling m.a. i programmet "Livskraftige kommunar – kommunenettverk for miljø- og samfunnsutvikling". Arbeidet skal samordnast med det kommuneretta arbeidet på landbruksområdet.

Handlingsplan for auka tilkomst gjennom universell utforming gjeld for perioden 2005–2009. Fylkesmannen skal integrere universell utforming som strategi i verksemda si og særleg leggje vekt på å rettleie kommunane om universell utforming på alle relevante politikkområde.

2.2 Velferd, helse og personleg tenesteyting

Dei neste tiåra vil Noreg oppleve demografiske endringar med ein gradvis aldrande folkesetnad. Gruppa eldre av ikkje-vestlege innvandrarar vil òg auke. Fylkesmannen skal førebu kommunane på dei auka oppgåvene dette kan føre til på helse- og sosialtenesta sitt område og sørgje for at dette vert sett på dagsordenen i kommunal planlegging. Tenestene skal vere tilgjengelege for alle uavhengig av sosial bakgrunn og dei skal medverke til å redusere sosiale helseforskjellar. Fylkesmannen skal gje råd og stimulere til auka brukarstyring og aktiv deltaking frå dei eldre og andre grupper med behov for helse- og velferdstenester. Den kommunale omsorgstenesta dekkjer etter kvart heile livsløpet, og har dei siste åra fått mange nye brukargrupper med langvarige og samansette problem og lidingar, som krev anna fagleg kompetanse enn heimetenestene tradisjonelt har rådd over. Fylkesmannen skal hjelpe kommunane i det utviklings- og omstillingsarbeidet desse nye utfordringane krev, spesielt i høve til kompetanse og fagleg breidde.

Fylkesmannen skal medverke til utveksling av røynsler med samhandling mellom kommunale helse- og sosialtenester og dei andre helsetenestene (spesialisttenester og tannhelsetenesta), og skape møteplassar som stimulerer til auka samarbeid på tvers av sektorar og fagområde.

Fylkesmannen skal føre tilsyn med at innbyggjarane får den handsaminga av kommunane som dei i følge lov og andre føresegner har krav på innan barnevern, rusomsorg, helse- og sosialtenester, utdanning og verjemål. Fylkesmannen skal føre tilsyn med at både kommunale og andre verksemdar, mellom andre helseføretaka, rettar seg etter dei plikter som følgjer av lovene. Dette er ikkje minst viktig når det gjeld likeverdige tenester i høve til personar med minoritetsbakgrunn.

Helsetilsynet i fylket skal i 2008 og 2009 gjennomføre eit toårig landsomfattande tilsyn med spesialisthelsetenester til vaksne med psykiske lidingar. Fylkesmannen skal medverke til at opptrappingsplanen for psykisk helse vert gjennomført i tråd med måla. I 2008 er det viktig å leggje til rette for at kommunane kan setje i verk tiltak og arbeidsmåtar som kan verke etter at planperioden er over.

Fylkesmannen skal vere med i utviklinga av kompetanse og kvalitet i sosialtenesta og leggje til rette for utvikling av bustadsosialt arbeid, rettleiing i personleg økonomi og andre oppgåver i kommunane knytt til innsatsen mot fattigdom. Fylkesmannen deltek i NAV-reforma i samarbeid med Arbeids- og velferdsetaten og representantar frå kommunane i fylket. Fylkesmannen si rolle er særleg knytt til kompetanseutvikling i sosialtenesta, deltaking i den regionale samordninga av reforma, og dessutan å gje råd til kommunane i arbeidet med å etablere ei felles statleg og kommunal arbeids- og velferdsforvaltning (NAV-kontor). Fylkesmannen skal mekle i tvistar som hindrar Arbeids- og velferdsetaten og kommunane i å inngå avtale om felles, lokale NAV-kontor, jf. forskrift til arbeids- og velferdsforvaltningslova av 12. mars 2007. Fylkesmannen og Helsetilsynet i fylka skal følgje omorganiseringa når det gjeld integrering av andre sosialtenester med tanke på å identifisere område med fare for svikt. Kap 5 A i lov om sosiale tenester om kvalifiseringsprogram med tilhøyrande stønad trådte i kraft 1. november 2007. Med heimel i desse reglane, har alle som fyller kriteria, rett til eit individuelt tilpassa kvalifiseringsprogram frå NAV-kontoret. Fylkesmannen skal gjennom ulike tiltak medverke til at denne ordninga fungerer etter intensjonane. Det synast til eget oppdragsbrev for kvalifiseringsprogram med tilhøyrande stønad 2007-2010 datert 13.09.2007. Sosial- og helsedirektoratet vil i eige oppdragsbrev tildele fylkesmennene 16 mill. kroner til dette tiltaket.

Fylkesmannen skal, i samarbeid med Sosial- og helsedirektoratet og dei regionale kompetansesentra for rusmiddelspørsmål, hjelpe kommunane å betre kvaliteten på rusarbeidet. Det er lagt fram ein opptrappingsplan for rusfeltet i St.prp. nr. 1 (2007-2008). Fylkesmannen vil få ein rolle med å verksette planen overfor kommunane i samarbeid med Sosial- og helsedirektoratet. Arbeid med kompetanse- og kvalitetsheving er sentralt. Fylkesmannen skal medverke i Sosial- og helsedirektoratet sitt arbeid med å endre forvaltninga av tilskottsordninga til rusmiddeltiltak. HOD har auka tilskotet til fylkesmennene for at det skal tilsetjast særskilte rusrådgivarar. Fylkesmannen skal følgje praktiseringa av sals- og skjenkeløyve etter alkohollova i kommunane og hjelpe til med oppgåver i dei kommunale tenestene knytte til Opptrappingsplanen for rusfeltet.

Stortinget har vedteke eit nytt kapittel 4A om helsehjelp utan samtykke i lova om pasientrettar, jf. Ot.prp. nr. 64 (2005–2006) og Innst. O. nr. 11 (2006–2007). Dato for iverksetting av lovendringa er ikkje fastsett, men den vil trulig tre i kraft i 2009. Lovendringa medfører at Helsetilsynet i fylka skal ta imot underretning om alle vedtak om helsehjelp som pasienten motsetter seg. Dersom helsehjelpa går over meir enn tre månader skal Helsetilsynet i fylket ”etterkontrollere” vedtaket. Helsetilsynet i fylket handsamar òg klager og fører tilsyn med dette som med anna helseteneste. Oppgåva vert truleg omfattande og fylkesmennene skal førebu arbeidet i 2008. Embeta vil verte styrkja over Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett under kap. 761 post 21 for å kunne drive med kompetanseoppbyggjande tiltak i høve til kommunane i 2008.

Fylkesmannen skal setje i verk ulike tiltak i handlingsplanen mot kjønnslemlesting. Fylkesmannen skal syte for å halde kurs/seminar for å heve kompetansen hos helsepersonell, og stimulere til tiltak i regi av helsestasjons- og skolehelsetenesta i kommunane for å førebyggje kjønnslemlesting. Vidare skal Fylkesmannen kartlegga omfanget av saker, erfaringar og kompetansebehov knytt til kjønnslemlesting i det kommunale barnevernet. Kartlegginga og anbefalingane frå Fylkesmannen om kompetansetiltak skal utgjera grunnlaget for vidare satsing på kompetansestyking i det kommunale barnevernet. Det er løyvd 4 mill. kroner til Fylkesmennene til desse tiltaka. Løyvinga er førebels plassert på Barne- og likestillingsdepartementets kap. 840 post 21.

Fylkesmannen skal formidle nasjonale satsingar i folkehelsepolitikken og medverke til samordning av ulike politikkområde som har innverknad på folk si fysiske og psykiske helse, syte for helsefagleg kunnskap, rådgjeving og rettleiing i folkehelse spørsmål regionalt og lokalt, og delta aktivt i den regionale partnerskapen for folkehelse. Omsynet til utjamning av sosiale helseforskjellar er ei sentral føring for folkehelsearbeidet framover, jf. St. meld. nr 20 (2006-2007) Nasjonal strategi for å utjamne sosiale helseforskjellar. Fylkesmannen skal medverke med faglege råd i arbeid for ei jamnare og meir rettferdig fordeling av faktorar som har innverknad på folk si helse. Ei av desse nasjonale satsingane er Handlingsplan for betre kosthald i befolkninga (2007–2011) som er ei tverrdepartemental satsing som inneber tiltak innanfor fleire sektorar. Fylkesmannen skal medverke til at tiltaka i planen vert gjennomførde.

I tråd med St.meld. nr. 25 (2005–2006) «Mestring, muligheter og mening» skal Fylkesmannen syte for at dei komande omsorgsutfordringane vert sett på dagsorden i kommunane og initiere og følgje opp det langsiktige planarbeidet i kommunane for å møte desse utfordringane. Fylkesmannen skal gje kommunane bistand i arbeidet med å fornye sjukeheimane og utvikle og styrke heimetenestene og medverke til at kommunane møter dei nye brukarane av omsorgstenestene med større tverrfagleg breidde og meir aktiv omsorg. Vidare skal Fylkesmannen i samarbeid med mellom andre KS og Husbanken sikre at alle tiltaka og delplanane i Omsorgsplan 2015 vert følgde opp som ein heilskapleg plan i tråd med St.meld. nr. 25 (2005– 2006) om omsorgsutfordringane i framtida. I tillegg til Kompetanseløftet 2015 vert det i 2008, som ein del av Omsorgsplan 2015, sett særskilt fokus på omsorgskjeden for menneske med demens. Samstundes vil Husbanken i samarbeid med Fylkesmannen få ansvaret for den nye investeringsordninga til bygging og fornying av sjukeheimplassar og omsorgsbustader for dei som treng omsorg og bistand heile døgnet. Fylkesmannen skal bruke midlane til blant anna oppfølging av Handlingsplan for eldreomsorgen over Helse- og omsorgsdepartementets kapittel 761 post 21 til denne oppgåva.

Helse- og omsorgsdepartementet legg til grunn at ein halvdel av ressursane på helse- og sosialområdet vert nytta til handsaming av klagesaker og tilsyn, og ein halvdel til andre oppgåver som særleg knyter seg til Sosial- og helsedirektoratets områder.

2.3 Oppvekst, barnehagar, utdanning og likestilling

Gjennom ansvaret for samordning, skal Fylkesmannen gje råd til og motivere kommunane til samarbeid mellom tenester og ulike institusjonar som arbeider for og med barn og unge og deira familiar. Dette gjeld mellom anna helsestasjonar, barnehagar, skular, barnevern og ulike friviljuge organisasjonar.

Tilsyn er hovudoppgåva til Fylkesmannen på barnevernområdet. Fylkesmannen skal oppfylle krava i lovverket om individretta og systemretta tilsyn i offentlege og private barneverninstitusjonar. Det er viktig at rettstryggleiken for barn og unge vert sikra i samsvar med regelverket og at embeta prioriterer samtalar med kontroll og oppfølging av barn og unge. Fylkesmannen skal i samarbeid med Helsetilsynet i fylka gjennomføre felles landsomfattande tilsyn med kommunale tenester til heimebuande barn som har behov for tenester regulert i barnevern-, helse-, og sosiallovgivinga. Tema er korleis kommunane samordnar tenester og tiltak til utsette barn og unge som treng hjelp frå dei tre tenestene. I 2008 vil revisjonsleiaropplæring og arbeid i tilsynsforum òg vere sentrale oppgåver.

Fylkesmannen skal som ein del av sitt samarbeid med kommunane, rettleie og følgje opp kommunane i arbeidet deira med å betre rutine og prosedyrane etter kravet om

internkontroll med eige verksemd i barnevernet. Fylkesmennene skal òg halde naudsynt oversikt over og føre tilsyn med utviklinga i barneverntenesta i kommunane, og syte for at kommunane retter opp feil og manglar.

Regjeringa legg vekt på å betre barneverntenesta si evne til å setje inn eigna hjelpe- og omsorgstiltak for barn som vert utsette for omsorgssvikt og mishandling. Fylkesmannen skal gjennom sin kontakt med kommunane stimulere til nytenking, organisasjons- og tiltaksutvikling og kompetanseutvikling i barneverntenesta. Fylkesmannen skal òg medverke til at kontakt og samarbeid mellom det statlege barnevernet og kommunane vert til beste for barn og unge.

Fylkesmannen i Oslo og Akershus vil i 2008 få ei ny oppgåve med å føre tilsyn med nytt omsorgsenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktingar under 15 år. Fylkesmannen vil òg være klagemyndigheit på einskildvedtak fatta overfor denne gruppa.

På barnehageområdet skal hovudoppgåvene i 2008 vere arbeidet med å nå full barnehagedekning, kvalitetsutvikling og tilsyn. Det store fleirtalet av kommunane har nådd målet om full barnehagedekning. Fylkesmannen skal følgje opp alle kommunar i arbeidet med å dimensjonere for og halde oppe full barnehagedekning. Det er naudsynt at Fylkesmannen har særleg fokus på dei kommunane som ikkje har nådd målet om full barnehagedekning. Fylkesmannen skal medverke i oppfølginga av barnehagelova, rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen og kompetansestrategien for barnehagesektoren. Fylkesmannen skal forvalte dei statlege midlane til lokale kompetansetiltak. Tilsyn med kommunen som barnehagestyresmakt skal vere ei prioritert oppgåve for Fylkesmannen. Føremålet med tilsynet er å sikre at krava i barnehagelova vert oppfylte og å medverke til å sikre kvaliteten på barnehage tilbudet.

Fylkesmannen si hovudoppgåve på utdanningsområdet er å føre tilsyn med skoleeigarar for å sikre at grunnopplæringa vert driven i samsvar med opplæringslova og privatskolelova. I 2008 er tema for det felles nasjonale tilsynet tilpassa opplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp, herunder plikta for skoleeigar til å ha eit forsvarleg system for å oppfylle desse pliktene. Tilsyn skal først etter felles metodikk med et utval av følgjande tilsynsobjekt: Ein privat grunnskole med godkjenning etter privatskolelova, fire kommunar og fylkeskommunen. Øvrig tilsyn skal gjennomførast med grunnlag i vurderingar av vesentlegheit og risiko i forhold til oppnåing av måla i grunnopplæringa og krava i opplæringslova og privatskolelova. Dette gjeld både val av tema, utval av tilsynsobjekt og omfang av tilsynet. Tilsynet styrkast gjennom ein auke i tildelinga i høve til 2007 på 7,5 millioner kroner over kap. 226. Desse ekstra midlane skal brukast til å styrke kvaliteten og omfanget på tilsynet som gjennomførast i 2008. Fylkesmannen skal i årsrapporten gjere greie for samla omfang, ressursbruk og tilsynsmetode for tilsynet, herunder omfanget av tilsyn basert på risikovurderingar.

Innanfor grunnopplæringa skal Fylkesmannen òg følgje opp reforma Kunnskapsløftet, særleg på områda nasjonale prøver og kompetanseutvikling for dei tilsette i grunnopplæringa. Oppgåvene vil i hovudsak dreie seg om koordinering og tilrettelegging i tillegg til opplæring og rettleiing mot det lokale nivået. I høve til Kompetanseutviklingsstrategien har fylkesmannen òg ansvar for utbetaling av midlar og kontroll.

Innan området familierett har Fylkesmannen sakshandsamings- og informasjonsoppgåver etter ekteskapslova og barnelova. Fylkesmannen skal føre tilsyn med familievernkontora.

Fylkesmannen skal arbeide aktivt og målretta for å fremje likestilling gjennom å påverke og rettleie kommunane på alle samfunnsområda.

2.4 Arealdisponering og byggjesaker

Fylkesmannen har ansvar for at nasjonal politikk vert formidla og teke vare på i handsaminga av kommunale og regionale planar. I samsvar med St.meld. nr. 26 (2006–2007) «Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand» skal Fylkesmannen medverke til å utvikle eit samfunn som tek vare på viktige felles verdiar og grunnleggjande levevilkår for ulike grupper innan rammene av ei berekraftig utvikling. Arealpolitikken skal og medverke til reduserte utslipp av klimagasser. Det er eit mål for Regjeringa at Fylkesmannen medverkar til å forsterke måloppnåing og til å synleggjere kommunane sitt handlingsrom på plan- og miljøområdet gjennom kompetanseoppbygging i høve til prioriterte kommunar.

Fylkesmannen sine oppgåver i samband med kommune- og fylkesplanlegginga er sentrale verkemiddel for formidling av statleg sektorpolitikk på viktige område. Samstundes skal Fylkesmannen fremje heilskapleg statleg politikk i planleggingsarbeidet og medverke med heilskapleg formidling av statleg arealpolitikk slik at dei nasjonale måla for lokal og regional omstilling og utvikling på kvart område er i samsvar med andre nasjonale mål. I høve til innbyggjarane og næringslivet skal Fylkesmannen som klageinstans sikre at kommunale planvedtak prosessuelt og innhaldsmessig er i samsvar med plan- og bygningslovgjevinga og nasjonale interesser.

Fylkesmannen skal samordne statlege forventingar og interesser i høve til kommunar og fylkeskommunar og er ansvarleg for at regional stat medverkar i regionale planprosessar og i gjennomføring av godkjende planar. Fylkesmannen og regionale statsetatar skal delta i ulike partnerskap for å stimulere den regionale utviklinga.

Fylkesmannen skal leggje til rette for verdiskaping, næringsutvikling, gode bustadar og bumiljø, og gode oppvekst- og levekår i alle delar av landet. Fylkesmannen skal sjå til at dei rikspolitiske retningslinjene for samordna areal- og transportplanlegging vert følgde opp i kommunane, og at publikumsretta offentlege og private verksemdar, som til dømes kjøpesentra, vert lokalisert sentralt og til område som er lett tilgjengeleg med kollektiv transport.

Fylkesmannen skal leggje til grunn universell utforming som strategi for inkludering og likeverd på alle relevante område. Arbeidet med universell utforming skal samstundes fremje folkehelse og samfunnstryggleik og sikre vern av verdfulle natur- og kulturmiljø, jordbruksareal, landskap og viktige kvalitetar i omgivnadene. Det er Regjeringa sitt mål å halvere den årlege omdisponeringa av viktige jordressursar innan 2010 i høve til den gjennomsnittlege omdisponeringa dei siste 10 åra. Fylkesmannen skal medverke til at ivaretaking av viktige landbruksareal vert sett på den politiske dagsorden i kommunane. Regjeringa legg opp til ei meir restriktiv line når det gjeld omdisponering av dyrka og dyrkbar mark. Det er difor viktig at Fylkesmannen følgjer med på kommunane si praktisering av reglane i jord- og konsesjonslovgjevinga, mellom anna i saker om deling, omdisponering og buplikt, og at prisane på landbrukseigedomar vert haldne på eit nivå som tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling.

Fylkesmannen skal arbeide for at måla i Regjeringa si satsing på kulturlandskapet vert nådd. I denne satsinga skal fylkesmannen støtte og gje råd til kommunane i arbeidet med å registrere

og prioritere viktige område for jordbruk og kulturlandskap. Målet er å hindre attgroing ved både auka og meir målretta beiting, samt skjøtseltiltak tilpassa dei ulike miljøverdiane. Regjeringa har starta arbeidet med å dokumentere og peike ut utvalde kulturlandskap i jordbruket. Arbeidet skal halde fram i 2008, da fylkesmannen saman med fylkeskommunen mellom anna vil få ansvar for å foreslå to til tre aktuelle område i kvart fylke som grunnlag for vidare planlegging og verkemiddelbruk. Fylkesmannen skal vidare ha ei rolle i oppfølginga av dei natur- og kulturlandskapsbaserte verdsarvområda i dei fylka der dette er aktuelt.

Fylkesmannen skal leggje til rette for tverrfagleg samarbeid på embetet og i kommunane i saker om arealdisponering til barnehageføremål og i byggjesaker, slik at mangel på samordning ikkje vert eit hinder for barnehageutbygging.

Fylkesmannen skal i 2008 ha særleg merksemd på at kommunane tek omsyn til tryggleik og beredskap i planlegginga, og særleg legg vekt på tiltak som reduserer konsekvensar av ekstremhendingar som storm, ras, skred og flom. Kommunane skal oppfordrast til å sjå heilskapleg på ny og gamal reguleringsplanlegging.

Regjeringa vidarefører ein differensiert strandsonopolitikk med eit strengare vern i område der det er sterk konkurranse om areala. Kommunane skal oppfordrast til å sjå på regulerte område på nytt. Fylkesmannen skal ha særleg merksemd på at kommunane skal halde fram med ein streng praksis ved handsaming av plansaker i strandsona og i fjellområda. Vidare skal Fylkesmannen sjå til at kommunane sikrar miljøverdiar og friluftsliv i vassdragsnaturen, gjennom innføring av byggjeforbod nærare innsjøar og vassdrag enn 50–100 meter.

Fylkesmannen skal medverke i arbeidet med å sikre grønstruktur og friområde i byar og tettstader, mellom anna gjennom rettleiing og strengare handheving av Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge. Ved handsaming av plansaker, skal Fylkesmannen sjå til at kommunane tek omsyn til truga artar. Fylkesmannen skal medverke i arbeidet med å sikre villreinen sine leveområde gjennom regionale planprosessar, og at kommunar med reindrift sikrar reindriften sitt areal gjennom planlegging, og at arbeidet byggjer på oppdaterte kommuneplanar.

Fylkesmannen skal leggje til rette for ein differensiert arealpolitikk for å oppretthalde og auke busetjinga i distrikta. Fylkesmannen skal formidle dei nasjonale måla for bygningspolitikken og skal gjennom si sakshandsaming og rettleiing medverke til desse måla vert nådd. Dette inneber at Fylkesmannen skal arbeide for god kvalitet i det bygde miljø og for ein god og effektiv byggeprosess både når det gjeld eiga handsaming av klager og når det gjeld sakshandsaminga i kommunane. I høve til kommunane er det viktig å informere om utmaningar knytt til helse, miljø og tryggleik ved oppføring av mellombelse konstruksjonar og anlegg, serleg brakker som nyttas til lokale for skular og barnehagar.

Fylkesmannen skal medverke med formidling og rettleiing i samband med iverksetjing av ny plan- og bygningslov.

2.5 Landbruksbasert næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Regjeringa har som mål å stanse tapet av biologisk mangfald innan 2010. Fylkesmannen skal gjennom sitt arbeid medverke til å nå målet ved å sikre verdiar som er viktige for å ta vare på naturressursar og livsmiljø.

Fylkesmannen skal følgje opp nasjonal strategi for landbruksbasert næringsutvikling «Ta landet i bruk», og gjennom strategiarbeidet målrette næringsutviklingsarbeidet og miljøarbeidet i fylket. Det er vidare viktig at den nasjonale strategien for landbruksbasert næringsutvikling vert sett i samanheng med den nye strategien for forskning og forskingsbasert innovasjon i landbruks- og matsektoren. Landbruks- og matdepartementet har gjeve si tilslutning til at Innovasjon Norge styrkjer samarbeidet med kommunane om næringsutvikling, der landbruksbasert næringsutvikling er inkludert. Fylkesmannen skal vere i dialog med Innovasjon Norge om roller og samarbeidsflater mot kommunane knytte til landbruksbasert næringsutvikling. På grunnlag av ei eiga evaluering skal Fylkesmannen i 2008 syte for ei rullering av dei regionale miljøprogramma i landbruket.

Regjeringa har sett som mål at 15 prosent av matproduksjonen og matforbruket skal vere økologisk innan 2015. Fylkesmannen skal medverke i Regjeringa si satsing på dette området mellom anna gjennom å følgje opp tiltak i dei fylkesvise handlingsplanane på økologisk landbruk. Fylkesmannen skal medvirke i prosjektet "Økoløft i kommuner" m.a. med å sikre kopling mot dei fylkesvise handlingsplanane på økologisk landbruk

Fylkesmannen skal i 2008 delta i arbeidet med å vidareutvikle «Inn på tunet» som eit tenestetilbod, og følgje opp tiltaka knytte til den nye nasjonale handlingsplanen for Inn på tunet. Fylkesmannen skal vidare støtte opp om arbeidet med utviklinga av Grønt reiseliv i Noreg og anna utmarksbasert næringsliv. I samband med Utviklingsprogrammet for innlandsfiske skal Fylkesmannen medverke til ein samla offentleg politikk for forvaltning og utvikling av verdikjeda innan innlandsfiske, og at dei verkemidla ein rår over vert sett i samband med det femårige programmet for innlandsfiske.

Fylkesmannen skal òg medverke i Regjeringa sitt arbeid med berekraftig forvaltning og auka utnytting av skogressursane med sikte på auka bruk av tre og bioenergi mellom anna gjennom deltaking i bioenergiprogrammet og det trebaserte innovasjonsprogrammet i regi av Innovasjon Norge. Skogen si rolle i klimasamanheng er viktig. Meir aktiv bruk og foredling av skogen gjev klima- og energivinstar. Fylkesmannen må vere ein pådrivar og katalysator for auka aktivitet i skogbruket, mellom anna med omsyn til planting og stell av ny skog.

I Ot.prp. nr. 68 (2006–2007) er det gjort framlegg om å etablere eit kommunalt ansvar for å syte for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell. Med atterhald om at Stortinget vedtek lovendringa, vil det nye kommunale ansvaret kome til å gjelde frå 1. januar 2008. Statens landbruksforvaltning er tillagt hovudansvaret for ordninga. Fylkesmannen vil få i oppgåve å fordele øyremerka midlar til kommunane, samt prioritere søknader frå kommunane om midlar til særskilde stimuleringsiltak for å sikre generell tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i næringssvake distrikt. Fylkesmannen vert styrka over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett for å handsame søknader frå kommunane om midlar til dei særskilde tiltaka.

Rapport frå Statens landbruksforvaltning av april 2007 om kontroll av tilskot i landbruket, viser at det er trong for å styrkje Fylkesmannens funksjon som kontrollmyndigheit på området. Kontrollen skal betrast gjennom ei vidareutvikling og tilpassing av oppgåver, regelverk og rutinar. Frå 2008 vil det verte kravd eit meir omfattande og heilskapleg kontrollarbeid. Gjennomføringa av dette skal gjerast effektivt ved hjelp av m.a. kompetanseutvikling og oppdaterte rutinar og malar.

Fylkesmannen skal medverke til auka samordning av landbrukspolitiske og miljøpolitiske verkemiddel i område der det kan oppstå konflikt mellom beiteinteresser og vern av rovvilt. Fylkesmannen skal vidare sikre ei god oppfølging og eit godt samarbeid med rovviltneemdene i regionen. I område der det er reindrift skal Fylkesmannen sjå til at reindriffta sine interesser vert vurderte og ivaretekne.

Fylkesmannen skal halde framdriftsplanane i nasjonalparkarbeidet. Forvaltning av verneområder skal ha auka fokus i 2008, og utarbeiding av forvaltningsplanar for nasjonalparkane og andre verneområde der det er kritisk å få på plass forvaltningsplanar skal prioriterast. Fylkesmannen vert styrkt med særskilde midlar over Miljøverndepartementet sitt budsjett til dette arbeidet, kap. 1427.21. Skogvernet vidareførast, og aktuelle fylkesmenn må prioritere arbeidet i større grad. Fylkesmannen skal ha god framdrift i arbeidet med marin verneplan slik at vedtak kan fattast i løpet av 2008. Arbeid knytt til kartlegging av biomangfald og kvalitetssikring av data skal gis spesielt høy prioritet i de fylker som får tilskudd over kap. 1410.21 i 2008. Arbeidet med oppfølging av vannforvaltningsforskrifta må gis tilstrekkeleg høg merksemd, slik at fristane overholdast. Fylkesmannen må i den sammenheng òg medverke til best mulig samordning mellom forvaltning av område med ulike typer vern og område som omfattast av Vannforskrifta, for å oppnå ei heilskapleg og effektiv forvaltning. Fylkesmannen vert styrkt med særskilde midlar over Miljøverndepartementet sitt budsjett for å vidareføre karakteriseringa av vassførekomstane og arbeidet med tiltaksprogram og forvaltningsplan for vassregionen, og skal dessutan leie vassregionutval.

Vern som ressurs for lokalsamfunnet skal òg vere eit viktig tema for fylkesmannen. I samband med verneplanarbeidet er det viktig at fylkesmannen har fokus på moglege tilrettelegging for næringsutvikling innanfor ramma av verneformålet, og sikre landbruksforvaltninga si deltaking i verneplanprosessar.

Innafor arbeidet med berekraftig bruk og vern av arter, bestander og genressursar er spreieing av framande arter ei av dei største trusla mot bevaring av det naturlige biologiske mangfaldet i Noreg. Klimaendringane forsterkar denne utviklinga. Det er derfor grunn til å understreke fylkesmennene si viktige rolle når det gjeld kartlegging, overvaking, informasjon og andre tiltak for å hindre negative effektar og spreieing av framande arter, særleg i verneområde der verneverdiane er trua av slike arter. I 2008 vil dette særleg innebere arbeid med oppfølging av den tverrsektorielle nasjonale strategien for framande arter. Innafor artsforvaltning har bevaring av villaksen, bekjemping av G. Salaris, rovviltforvaltning og oppfølging av villreinforvaltninga høgst prioritet. Det kan òg ventast auka aktivitet for ein del fylkesmenn når det gjeld arbeidet med handlingsplanar for trua arter. Fylkesmannen vert styrkt med særskilde midlar over Miljøverndepartementet sitt budsjett, kap. 1427.21 til dette arbeidet.

For å bevare viktige arealer for biologisk mangfald skal fylkesmannen medvirke i det regionale og lokale plan- og miljøvernarbeidet i samsvar med DN/SFTs sektoransvar etter plan- og bygningsloven og egen sektorlovgivning, formidle og klargjere nasjonale miljømål og faktakunnskap om viktige naturkvaliteter, og om nødvendig fremme motsegn til kommunale planar som ikkje er i samsvar med nasjonal politikk.

I St.meld. nr. 34 (2006-2007) Norsk klimapolitikk, foreslår Regjeringa blant anna sektorvise klimahandlingsplanar der òg kommunesektoren inngår. Stortingsmeldinga stiller blant anna forventningar til kommunane med omsyn til lokale klimatiltak og lokal tilpassing til klimaendringar. På disse områdene har Fylkesmannen ein rolle som rettleiar og pådrivar

overfor kommunesektoren. Fylkesmannen har verkemiddel knytte til regulering av klimagassutslepp frå landbruk og avfallshandsaming. Han skal òg syte for at arealplanar tar klimaomsyn når det gjelder busettings- og utbyggingsmønster, transport, energibehov og tilrettelegging for ny, fornybar energi.

Regjeringa har i St.meld. nr. 14 (2006-2007) Sammen for et giftfritt miljø sett som mål at utslepp og bruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar ikkje skal føre til helseskader eller skader på naturens evne til produksjon og sjølvfornyng. Fylkesmannen skal gjennom tilsyn og sakshandsaming mellom anna knytte til konsesjonar medverke til vesentlege reduksjonar i risikoen for at utslepp og bruk fører til skade på helse og miljø for dei kjemikalia og bruksområdene som fell innfor fylkesmannen sitt ansvarsområde. Fylkesmannen skal følgje opp og setje i verk tiltaksplanar for opprydding i forureina sediment og vidareføre arbeidet med å nå nasjonale mål for grunnforureining. Ressursar til arbeidet vert stilt til disposisjon over Miljøverndepartementets kap. 1441.39.

Fylkesmannen skal medverke i landsomfattande aksjoner, og følgje opp industriverksemder og avfallsanlegg innfor sitt myndigheitsområde som eit ledd i styrkinga av tilsynet med prioriterte helse- og miljøfarlege kjemikaliar og farleg avfall.

Fylkesmannen skal gjennom forvaltning av forureiningsloven med forskrifter ha tilsyn med liten og mellomstor industri, store kommunale utslepp og avfallsanlegg. Han skal medverke til å løyse avfallsproblema slik at det vert minst mogleg ulempe for menneskje og miljø. Arbeidet med nedlagde avfallsdeponi skal vidareførast. Fylkesmannen skal syte for at utslepp frå kommunal avløpssektor er i samsvar med nye avløpsregler i forureiningsforskrifta og eventuelt reduserast ytterlegare for å sikre god økologisk tilstand for vannforekomstene innan 2021, jf. Vannforskriften og St. meld. nr. 26 (2006–2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand. Vidare skal Fylkesmannen syte for at tilstand og utvikling av miljøet vert formidla gjennom Miljøstatus i sitt fylke.

Oppgåvene og midlane til ei stilling som oppsynsmann vert flytta frå Fylkesmannen i Oslo og Akershus til Statens naturoppsyn.

2.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen har ei viktig rolle ved kriser og katastrofar i fred som samordnar av samfunnstryggleiksarbeidet i fylket. Gjennom Fylkesmannen si planlegging for å sikre at samfunnet er best mogleg budd på å handtere kriser og ulukker, skal risiko- og sårbarheitsanalysar gjennomførast, beredskapsplanar vidareutviklast, og øvingar og opplæring setjast i verk. Riktig dimensjonerte og øva rednings- og beredskapsorganisasjonar er viktige føresetnader for god handtering av ulukker og kriser.

Fylkesmannen skal ha oversikt over det breie og samansette risiko- og trusselbiletet for regionen. For 2008 er det viktig at klimahøve vert tatt med i vurderinga. Denne oppdaterte oversikta må vere grunnlaget for vidare beredskapsarbeid for Fylkesmannen, andre statlege etatar og kommunane.

Fylkesmannen skal arbeide med samfunnstryggleik og førebygging av ulukker, kriser og katastrofar, og sikre ei god handtering om hendingar skulle skje. Hendingar skal handterast raskt og effektivt ved bruk av dei regionale ressursane. Fylkesmannen må nytte øvingar for å fremje evna til handtering og for kontroll av planar.

Kommunane skal følgjast opp og rettleiast av Fylkesmannen i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Fylkesmannen må leggje til rette for at planar vert oppdaterte og samordna innan og mellom kommunane.

Innanfor helse- og beredskapsområdet er det nokre endringar i oppgåvene for 2008. Overordna nasjonal helse- og sosialberedskapsplan vert fastsett i 2007 og Fylkesmennene skal som ein del av sitt beredskapsarbeid vidareutvikle og øve sitt eiga apparat i tråd med den. Fylkesmennene skal medverke til at kommunar, vassverk, helseføretak og atomberedskapsutvalets medlemmer vidareutviklar beredskapsplanane sine, utviklar avtaler og prosedyrar for samhandling i sektoren ved kriser, og gjennomfører øvingar og andre kompetansetiltak i tråd med lov om helsemessig og sosial beredskap og anna helse- og sosiallovgeving. Den dreininga av oppgåver som dette er betyr ikkje endringar i den totale oppgåvemengda på helse- og sosialberedskapsområdet. Forventningar til samla innsats er ikkje endra i forhold til føregåande år.

Fylkesmannen skal støtte Miljøverndepartementet, Justis- og politidepartementet og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap i deira arbeid for klimatilpassing, mellom anna ved å medverke til at det vert teke omsyn til den auka faren for naturutløyste hendingar i planlegging og arealforvaltning.

Ansvar for klareringsmynde etter sikkerhetsloven § 23, 1. ledd og forskrift om personellsikkerhet § 4-1 vert frå 1. april 2008 samla hos Fylkesmannen i Oslo og Akershus og Fylkesmannen i Rogaland. Desse to embeta vert kompensert med om lag ½ årverk kvar for auka arbeidsmengd. Alle fylkesmenn vil framleis vere autorisasjonsansvarleg som i dag, jf St. meld. nr. 24 (2005-2006) Oppfølging av oppmodningsvedtak nr 478 (2004-2005) – strukturen til klareringsstyresmakta.

Vedlegg 1: budsjettfordeling & økonomiske og administrative fullmakter

I BUDSJETTFORDELING

Kapittel 1510 er redusert med 1,125 mill kroner i samband med at Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet tek over oppgåver knytte til mekling frå 1.1.2008. Fordelinga av samla ressursar til Fagoppgåver er difor redusert med 1,125 mill. kroner.

Kapittel 1510 er vidare redusert med 0,4 mill. kroner i samband med at ei stilling som oppsynsmann hos Fylkesmannen i Oslo og Akershus er flytta til Statens naturoppsyn. Løyvinga til Fylkesmannen i Oslo og Akershus er difor redusert med 0,4 mill. kroner.

Lønnskompensasjon:

Løyvinga til embeta i 2008 inneheld midlar som kompensasjon for lønnsauken knytt til det sentrale lønnsoppgjerdet for 2007. Tildelinga til det særskilde embetet byggar på "Oversikt over de økonomiske rammene" som er vedlagt FAD sitt brev "Lokale forhandlinger pr. 1. juli 2007" (21.06.2007) og tilbakemelding frå embeta hausten 2007.

Basisløyvinga:

Løyvinga er vidareført med same beløp som i 2007.

Reiseutgifter:

Fordelinga av ressursar mellom embeta til delvis dekning av reiseutgifter er vidareført frå 2007 med eit tillegg på 2.5 %.

Fagoppgåver – oppdatering av statistikkgrunnlaget:

Statistikkgrunnlaget knytt til fordeling av løyvinga til fagoppgåver er oppdatert hausten 2007. Embetas relative del av løyvinga til fagoppgåver er difor endra. Linja "Verknad" i Tabellen under visar endringa i løyvinga grunna oppdateringa av statistikkgrunnlaget (tal i 1000 kr).

	Østfold	Oslo og Akershus	Hedmark	Oppland	Buskerud	Vestfold
<i>Andel 08</i>	5,08 %	13,08 %	5,75 %	6,05 %	5,34 %	4,22 %
<i>Andel 07</i>	4,81 %	12,96 %	5,67 %	5,92 %	5,11 %	4,07 %
<i>Endr. 07/08</i>	0,27 %	0,12 %	0,08 %	0,13 %	0,23 %	0,15 %
<i>Verknad</i>	1 719	764	509	828	1 465	955
	Telemark	Aust-Agder	Vest-Agder	Rogaland	Hordaland	Sogn og Fjordane
<i>Andel 08</i>	3,73 %	2,73 %	3,35 %	7,28 %	8,28 %	4,17 %
<i>Andel 07</i>	3,69 %	2,76 %	3,50 %	7,52 %	8,48 %	4,29 %
<i>Endr. 07/08</i>	0,04 %	-0,03 %	-0,15 %	-0,23 %	-0,20 %	-0,11 %
<i>Verknad</i>	255	-191	-955	-1 465	-1 274	-700

	Møre og Romsdal	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Nordland	Troms	Finnmark
<i>Andel 08</i>	6,01 %	6,03 %	4,55 %	6,88 %	4,48 %	3,00 %
<i>Andel 07</i>	6,25 %	6,09 %	4,42 %	6,91 %	4,47 %	3,08 %
<i>Endr. 07/08</i>	-0,24 %	-0,06 %	0,13 %	-0,03 %	0,01 %	-0,08 %
<i>Verknad</i>	-1 528	-382	828	-191	64	-509

Differensiert arbeidsgjevaravgift:

EU-kommisjonen har 21.12.2005 vedteke nye retningslinjer for regionalstønad. Regelverket regulerer m.a. ordningar som til dømes differensiert arbeidsgjevaravgift og gjeld fram til 31.12. 2013. Som følgje av lågare sats for arbeidsgjevaravgift sparer embeta i Sogn og Fjordane, Nordland og Troms lønnskostnader. Dette fører til at det vert trekt ut budsjettmiddel frå desse embeta med same beløp som i 2007.

Samling av fylkesmennes klareringsmyndighet i to embeter:

Fylkesmennes klareringsmyndighet skal samles hos hhv Fylkesmannen i Oslo og Akershus og Fylkesmannen i Rogaland. Samlinga skal være gjennomført 1. april 2008. Dei to embeta er løyvd 0,25 mill. kroner kvar til dette føremålet.

Statsborgarskap:

Fordelinga av ressursar mellom embeta i samband med oppgåver til embeta knytte til planlegging og gjennomføring av ein frivillig seremoni for nye norske statsborgarar, er vidareført frå 2007 med eit tillegg på 2.3 %.

Nettverksbygging:

Fylkesmannen i Hordaland er tildelt kr 100 000 for å leggje til rette for nettverksbygging mellom embeta på det kommunikasjonsfaglege området. Arbeidet skal medverke til utveksling av erfaringar og kunnskap mellom embeta.

Trippelnett:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvaret for drift og vedlikehald av fellesløysinga Trippelnett. Trippelnettet omfattar internett, ekstranett og intranett, og skal nyttast av alle embeta. Fylkesmannen.no (internett) er den viktigaste kanalen for formidling av informasjon til innbyggjarane, kommunane og pressa. Den tekniske plattformen for Trippelnett ligg fast, og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvaret for avtala med Digimaker, som er presentasjonsverktøyet i Trippelnett. I tillegg har Fylkesmannen òg fått ansvar for avtala med More som er verktøyet for bruk av elektroniske skjema i Trippelnettet. Ansvar for fellestekstar på Fylkesmannen.no og drift av Trippelnett ligg òg til fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Anna innhald på Fylkesmannen.no og intranettet er dei respektive embeta sitt ansvar.

FRI (Fylkesmennes Regionale Informasjonsnett) og kartpool:

Fylkesmannen i Hedmark har ansvar for drift av FRI. Linjekostnadene er fordelte ut på kvart embete ut frå ein eigen fordelingsnøkkel/kostnadsrefusjon. I samanheng med drift av FRI har fylkesmannen i Hedmark òg fått ansvaret for fellesløysinga for fjernaksess.

For å betre grunnlaget for avgjerder internt i forvaltninga, styrkje rettstryggleiken og utvikle kontakten med brukarane skal embeta i større grad bruke stadfesta informasjon (kart) og geografiske informasjonssystem i arbeidet, jf. St. meld. nr. 30 (2002-2003) Norge digitalt - et felles fundament for verdiskaping. Ny GIS-strategi for fylkesmennene vart vedteke i juni 2006 og er under revidering. Strategien skal rullerast på jamleg. Fylkesmannen bes om å arbeide for aktiv integrering av kartdata i saks/ arkivsystemet ePhorte. Fylkesmannsembeta skal òg nytta ordninga med kartpool for brukarlisensar for felles kartprogramvare for alle embeter.

Fordelinga av ressursar mellom embeta i samband med oppgåver til embeta knytte til FRI (Fylkesmennes Regionale Informasjonsnett) og kartpool er vidareført frå 2007 med eit tillegg på 2.3 %.

Fylkesmannsembetene - Kap. 1510, jf kap. 4510	2008
Kap. 1510 post 01 - Driftsutgifter	1 098 108 000

A1. Sum sentrale midler/avsetninger	16 205 000
--	-------------------

A2. Sum fordelt embetene	1 081 908 000
01 Østfold	55 688 000
Faste utgifter	7 402 000
Basisbevilgning	12 950 000
Lønnskompensasjon	1 041 000
Reiseutgifter	1 372 000
Fagoppgaver	32 361 000
Statsborgerskap	408 000
FRI -linjeleie	154 000

02 Oslo/Akershus	120 867 000
Faste utgifter	19 832 000
Basisbevilgning	12 950 000
Lønnskompensasjon	2 072 000
Reiseutgifter	1 432 000
Fagoppgaver	83 289 000
Statsborgerskap	1 266 000
FRI -linjeleie	176 000
Klareringsmyndighet - overføring av oppgaven (1/2 årsverk)	250 000
Overføring av oppgave - Oppsynsmann flyttet til Statens naturoppsyn	-400 000

04 Hedmark	65 351 000
Faste utgifter	8 609 000
Basisbevilgning	12 950 000
Lønnskompensasjon	1 082 000
Reiseutgifter	1 353 000
Fagoppgaver	36 614 000
Justering av husleiekontrakt	482 000
Merkostnader, eksternt sentralbord (Engerdal)	490 000
Statsborgerskap	173 000
FRI-drift som fast oppdrag	2 046 000
FRI -linjeleie, tilskudd redundans	102 000
Kartpool drift og etablering	1 450 000

05 Oppland	60 222 000
Faste utgifter	6 045 000
Basisbevilgning	12 950 000
Lønnskompensasjon	900 000
Reiseutgifter	1 352 000
Fagoppgaver	38 512 000
Statsborgerskap	201 000
FRI -linjeleie	262 000

06 Buskerud	56 818 000
Faste utgifter	6 807 000
Basisbevilgning	12 950 000
Lønnskompensasjon	1 028 000
Reiseutgifter	1 089 000
Fagoppgaver	34 010 000
Sentral annonsering av språkprøven	415 000
Statsborgerskap	308 000
FRI -linjeleie	211 000

07 Vestfold	47 631 000
Faste utgifter	5 472 000
Basisbevilgning	12 950 000
Lønnskompensasjon	865 000
Reiseutgifter	1 046 000
Fagoppgaver	26 863 000
Statsborgerskap	281 000
FRI -linjeleie	154 000

08 Telemark	47 592 000
Faste utgifter	6 287 000
Basisbevilgning	12 950 000
Lønnskompensasjon	762 000
Reiseutgifter	962 000
Fagoppgaver	23 725 000
Differanse modell	2 500 000
Statsborgerskap	252 000
FRI -linjeleie	154 000

09 Aust-Agder	38 608 000
Faste utgifter	2 863 000
Basisbevilgning	12 950 000
Lønnskompensasjon	772 000
Reiseutgifter	1 196 000
Fagoppgaver	17 369 000
Differanse modell	3 000 000
Justering av husleiekontrakt	110 000
Statsborgerskap	160 000
FRI -linjeleie	188 000

10 Vest-Agder	49 647 000
Faste utgifter	7 389 000
Basisbevilgning	12 950 000
Lønnskompensasjon	822 000
Reiseutgifter	1 563 000
Fagoppgaver	21 318 000
Differanse modell	4 250 000
Statens hus byggetrinn I	500 000
Plan og bygningsloven, arealplaner og byggesaker	500 000
Statsborgerskap	238 000
FRI -linjeleie	117 000

11 Rogaland	72 120 000
Faste utgifter	7 010 000
Basisbevilgning	12 950 000
Lønnskompensasjon	1 434 000
Reiseutgifter	2 509 000
Fagoppgaver	46 360 000
Klareringsmyndighet - overføring av oppgaven (1/2 årsverk)	250 000
Hospiteringsavtale	425 000
Tilsyn med kontinentalsokkelen	600 000
Statsborgerskap	404 000
FRI -linjeleie	178 000

12 Hordaland	80 182 000
Faste utgifter	10 123 000
Basisbevilgning	12 950 000
Lønnskompensasjon	1 474 000
Reiseutgifter	2 289 000
Fagoppgaver	52 730 000
Nettverksbygging kommunikasjonsfagleg område	100 000
Statsborgerskap	320 000
FRI -linjeleie	196 000

14 Sogn og-Fjordane	53 875 000
Faste utgifter	7 243 000
Basisbevilgning	12 950 000
Lønnskompensasjon	1 114 000
Reiseutgifter	2 436 000
Fagoppgaver	26 580 000
Differensiert arbeidsgiveravgift, innsparing	-888 000
More nettforvaltning	250 000
Digimaker - plattform trippelnett	200 000
Statsborgerskap	141 000
Drift og vedlikehold trippelnett - inkludert fellestekster	3 541 000
FRI -linjeleie	308 000

15 Møre og-Romsdal	59 386 000
Faste utgifter	4 172 000
Basisbevilgning	12 950 000
Lønnskompensasjon	1 030 000
Reiseutgifter	2 055 000
Fagoppgaver	38 279 000
Differanse modell	600 000
Statsborgerskap	168 000
FRI -linjeleie	132 000

16 Sør-Trøndelag	64 492 000
Faste utgifter	9 723 000
Basisbevilgning	12 950 000
Lønnskompensasjon	1 313 000
Reiseutgifter	1 724 000
Fagoppgaver	38 370 000
Statsborgerskap	251 000
FRI -linjeleie	161 000

17 Nord-Trøndelag	53 402 000
Faste utgifter	6 148 000
Basisbevilgning	12 950 000
Lønnskompensasjon	1 023 000
Reiseutgifter	2 145 000
Fagoppgaver	28 990 000
Differanse modell	1 000 000
Statens hus byggetrinn I	800 000
Justering av husleiekontrakt, se brev av 24092007	110 000
Statsborgerskap	154 000
FRI -linjeleie	82 000

18 Nordland	66 677 000
Faste utgifter	8 333 000
Basisbevilgning	12 950 000
Lønnskompensasjon	1 177 000
Reiseutgifter	2 792 000
Fagoppgaver	43 784 000
Differensiert arbeidsgiveravgift, innsparing	-2 857 000
Statsborgerskap	202 000
FRI -linjeleie	296 000

19 Troms	49 544 000
Faste utgifter	6 349 000
Basisbevilgning	12 950 000
Lønnskompensasjon	946 000
Reiseutgifter	2 250 000
Fagoppgaver	28 551 000
Differensiert arbeidsgiveravgift, innsparing	-2 219 000
Justering av husleiekontrakt	325 000
Statsborgerskap	155 000
FRI -linjeleie	237 000

20 Finnmark	39 806 000
Faste utgifter	2 866 000
Basisbevilgning	12 950 000
Lønnskompensasjon	709 000
Reiseutgifter	2 957 000
Fagoppgaver	19 086 000
Differanse modell	200 000
Samfunnsmedisin	420 000
Embetsboligen	200 000
Statsborgerskap	151 000
FRI -linjeleie	267 000

II. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE FULLMAKTER

1. Fullmakt til å overskride driftsløyvinga på kap. 1510 post 01

Fullmakta gjeld løyve til å overskride driftsløyvinga på kap. 1510, post 01 med inntil to prosent av løyvinga på posten mot tilsvarende meirinntekt på kap. 4510, postane 01 og 02, jf løyvingsreglementet § 11 fjerde ledd nr. 1 og Finansdepartementets rundskriv R-110, pkt 2.4.

Den inntektsfinansierte aktiviteten må liggje innanfor det som er verksemdenes mål, oppgåver og rammevilkår, og ikkje skape bindingar til å oppretthalde eit høgare aktivitetsnivå enn det som vert dekt av utgiftsløyvinga dersom meirinntekta fell bort.

Meirinntekter i form av lønsrefusjonar frå andre statlege verksemdar, jf inntektspostane 15-18, gir grunnlag for overskriding utan særskilt samtykke, og utan å vere bunden av gitte grenser.

2. Fullmakt til å overskride driftsløyvinga på kap. 1510 post 21

Fullmakta gjeld løyve til å overskride driftsløyvinga på kap. 1510, post 21 mot tilsvarende meirinntekt på kap. 4510 postane 01 og 02, jf romartalsvedtak II i St.prp. nr. 1 (2007-2008).

3. Fullmakt til å nettoføre refusjonar av utgifter til fellestenester på kap. 1510 post 21

Fullmakta gjeld løyve til å nettoføre som utgiftsreduksjon på kap. 1510, post 21 refusjonar av utgifter til fellestenester der embetet samordnar utgiftene, jf romartalsvedtak IV.2 i St.prp. nr. 1 (2007-2008).

4. Fullmakt til å nettoføre bonus og rabattar

Fullmakta gjeld løyve til å nettoføre som utgiftsreduksjon på kap. 1510, postane 01 og 21 tilbakebetalt bonus og rabattar, også om tilbakebetalinga gjeld kjøp i tidlegare år, jf romartalsvedtak IV.1 i St.prp. nr. 1 (2007-2008).

5. Fullmakt til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr

Fullmakta gjeld løyve til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr løyvd over kap. 1510, postane 01 og 21 med inntil fem prosent av løyvinga, når dette er ledd i ein rutinemessig fornyingsprosess, jf Løyvingsreglementet § 3 fjerde ledd og Finansdepartementets rundskriv R-110, pkt 2.2. Salsinntektene skal førast til kredit på underpostane 01-21 og 21-21, slik at det er mogleg å kontrollere at grensa på fem prosent ikkje vert overskriden.

6. Fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret

Fullmakta gjeld løyve til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret 2008, som gjeld den ordinære verksemda, jf § 6 andre ledd i Løyvingsreglementet og Finansdepartementets rundskriv R-110, pkt 2.3. Utgiftene ein har teke på seg i tilknytning til avtalar må kunne dekkjast innanfor eit uendra løyvingsnivå på vedkomande budsjettpost i heile avtaleperioden, og oppseiingsklausular skal om nødvendig innarbeidast i avtalar.

7. Fullmakt til å yte erstatning for skade/tap av private egedelar

Fullmakta gjeld myndigheit til å yte erstatning for inntil 20 000 kroner dekt innanfor verksemdas eige budsjett for skade eller tap av private egedelar i samband med tenesta ved tjuveri, innbrot, naturskade, brann o l. Erstatninga må ytast i samsvar med retningslinjene i Personalhandboka.

8. Fullmakt til gi utdanningspermisjon med løn i inntil eitt år

Fullmakta gjeld myndigheit til å avgjere kven i verksemda som skal få godkjent utdanningspermisjon med løn i inntil eitt år innanfor verksemdas eige budsjett. Godkjenninga må vere i samsvar med retningslinjene i Personalhandboka.

Vedlegg 2 – Møtekalender for 2008

Månad	Dato	Ansvarleg	Møte	Stad
Januar	8-9.	Barne- og likestillingsdepartementet / Statens helsetilsyn	Opplæring/ rettleiing – felles tilsyn i kommunane	Gardermoen
	29-30.	Landbruks- og matdepartementet	Samling for landbruksdirektørane	Oslo
Februar	6-7.	Kunnskapsdepartementet	Fagsamling for utdanningsdirektørar og saksarbeidarar på barnehageområdet	Hamar
	7.	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	Øving – Fylkesmannen i Hedmark	Hamar
	14-15.	Kunnskapsdepartementet/ Utdanningsdirektoratet	Statleg barnehage- og utdanningsadministrasjon	Oslo
	27.	Statens forureiningstilsyn/ Direktoratet for naturforvaltning	Styringsmøte Fylkesmannen i Vest-Agder	Kr.sand
	28-29.	Statens helsetilsyn (dato usikker)	Møte med leiarane for tilsynsarbeid knytt til sosial- og helseområdet	Oslo
Mars	4-5.	Fornyings- og administrasjonsdepartementet	Fylkesmannsmøte	Oslo
	5-6.	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	Tilsyn - Fylkesmannen i Oppland	Lillehammer
	12.	Landbruks- og matdepartementet	Styringsmøte med Fylkesmannen i Telemark	Skien
	13.	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	Øving – Fylkesmannen i Buskerud	Drammen
April	1.	Landbruks- og matdepartementet	Styringsmøte med Fylkesmannen i Aust-Agder	Arendal
	2-3.	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	Øvingskonferanse – beredskap	Oslo
	3.	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	Øving – Fylkesmannen i Vestfold (Evt. nytt forslag til dato fra FMVE.)	Tønsberg
	9.	Direktoratet for naturforvaltning/ Statens forureiningstilsyn	Styringsmøte Fylkesmannen i Oslo og Akershus	Oslo
	9.	Landbruks- og matdepartementet	Styringsmøte med Fylkesmannen i Sør-Trøndelag	Trondheim
	15.	Landbruks- og matdepartementet	Styringsmøte med Fylkesmannen i Østfold	Moss
	16-17.	Statens helsetilsyn/ Sosial- og helsedirektoratet	Møte med Fylkesmennene og Helsetilsynet i fylket	xx
	17.	Utdanningsdirektoratet	Styringsmøte med Fylkesmannen i Aust-Agder	Arendal
	18.	Utdanningsdirektoratet	Styringsmøte med Fylkesmannen i Vest-Agder	Kristiansand
	21-24.	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	Fagsamling – beredskapssjefar	Svalbard
	23.	Landbruks- og matdepartementet	Styringsmøte med Fylkesmannen i Hedmark	Hamar
	24.	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	Øving- Fylkesmannen i Aust-Agder (Evt. nytt forslag til dato fra FMAA.)	Arendal
	24-25.	Kunnskapsdepartementet/ Utdanningsdirektoratet	Møte for statleg utdanningsadministrasjon (reservedato – nyttast ved behov)	Oslo
Mai	Medio	Kommunal- og regionaldepartementet	Informasjonsmøte for økonomirådgevarar i samband med kommuneproposisjonen	Oslo
	xx	Barne- og likestillingsdepartementet	Tilsynsforum	xx
	21.	Landbruks- og matdepartementet/ Innovasjon Norge	Fellessamling for LMD, Innovasjon Norge og landbruksdirektørane	Oslo
	21.	Direktoratet for naturforvaltning/ Statens forureiningstilsyn	Styringsmøte Fylkesmannen i Nordland	uvisst
	26-27. 29.	Kommunal- og regionaldepartementet Utdanningsdirektoratet	Kontaktkonferanse med fylkesmennene Styringsmøte med Fylkesmannen i Troms	Lillehammer Tromsø

Månad	Dato	Ansvarleg	Møte	Stad
Juni	4-6	Landbruks- og matdepartementet/ Miljøverndepartementet	Fellessamling for landbruksdirektører og miljøverndirektører	Sogn og Fjordane
	4-6.	Direktoratet for naturforvaltning/ Statens forureiningstilsyn	Vårkonferanse for miljøverndirektørane og fellessamling med landbruksdirektørane	Sogn og Fjordane
	5-6.	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	Fagsamling – erfaringsseminar beredskap	Stavern
	5-6.	Kunnskapsdepartementet/ Utdanningsdirektoratet	Statlig barnehage- og utdanningsadministrasjon	Oslo
	10-11.	Fornyings- og administrasjonsdepartementet	Fylkesmannsmøte	Tromsø
	11-12.	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	Tilsyn – Fylkesmannen i Hordaland	Bergen
	12-13.	Fornyings- og administrasjonsdepartementet	Studiereise for fylkesmennene	Svalbard
Juli				
August	27-28.	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	Tilsyn – Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Molde
September	11.	Utdanningsdirektoratet	Styringsmøte med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Leikanger
	11.	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	Øving – Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Molde
	16.	Direktoratet for naturforvaltning/ Statens forureiningstilsyn	Styringsmøte Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Leikanger
	18-19.	Statens helsetilsyn	Møte med leiarane for tilsynsarbeid knytt til sosial- og helseområdet	Oslo
	xx	Kommunal- og regionaldepartementet	Landskonferanse i plan- og bygningsrett	Oslo
Oktober	Primo	Landbruks- og matdepartementet	Samling for landbruksdirektørane i samband med framlegg av statsbudsjettet	Oslo
	8.	Direktoratet for naturforvaltning/ Statens forureiningstilsyn	Styringsmøte Fylkesmannen i Finnmark	Vadsø
	14-15.	Fornyings- og administrasjonsdepartementet	Fylkesmannsmøte	Oslo
	15-16.	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	Tilsyn – Fylkesmannen i Østfold	Moss
	Medio	Kommunal- og regionaldepartementet	Informasjonsmøte for økonomirådsgjevarar i samband med statsbudsjettet	Oslo
	22.	Landbruks- og matdepartementet	Styringsmøte med Fylkesmannen i Hordaland	Bergen
	30-31.	Kunnskapsdepartementet/ Utdanningsdirektoratet	Statleg barnehage- og utdanningsadministrasjon	Oslo
November	4-5.	Fornyings- og administrasjonsdepartementet	Administrasjonssjefsmøte	Oslo
	5.	Landbruks- og matdepartementet	Styringsmøte med Fylkesmannen i Nord-Trøndelag	Steinkjær
	6.	Utdanningsdirektoratet	Styringsmøte med Fylkesmannen i Buskerud	Drammen
	7.	Utdanningsdirektoratet	Styringsmøte med Fylkesmannen i Vestfold	Tønsberg
	12.	Justisdepartementet/ Justissekretariatene	Konferanse om m.a. rettshjelp	Oslo
	12-13.	Statens helsetilsyn/ Sosial- og helsedirektoratet	Møte med Fylkesmennene og Helsetilsynet i fylket	Oslo
	17-20.	Barne- og likestillingsdepartementet	Tilsynsforum/ haustmøte med fylkesmennene	Trondheim
5. - 6	Direktoratet for naturforvaltning/	Haustkonferanse for miljøverndirektørane	Trondheim	

Månad	Dato	Ansvarleg	Møte	Stad
	19-21. xx 19. 26.	Statens forureiningstilsyn Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap Kommunal- og regionaldepartementet Landbruks- og matdepartementet Landbruks- og matdepartementet	Fagsamling – beredskapssjefar Kontaktkonferanse med fylkesmennene Styringsmøte med Fylkesmannen i Oppland Styringsmøte med Fylkesmannen i Buskerud	Heggedal Oslo Lillehammer Drammen
Desember	2-3. 10.	Fornyings- og administrasjonsdepartementet Statens forureiningstilsyn/ Direktoratet for naturforvaltning	Fylkesmannsmøte Styringsmøte Møre og Romsdal fylke	Oslo Molde